

Vår ref: JT /6200/260914

Dykkar ref: 2014/1442-5

Hordaland fylkeskommune
Fylkesrådmannen

Bergen 26.09.2014

UTTALE til Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

Styret for Stiftelsen kulturhuset USF handsama regional kulturplan i vårt styremøte 17.09.2014. Styret, heretter omtalt som USF, vil gje følgjande uttale.

Rammer og verknad

USF vil gje ros til fylket om å samla ulike kulturplanar i ein plan, og å gje planen status som regional plan etter plan og bygningslova. Dette er eit djervt og viktig grep. Samstundes er det utfordrande reint planteknisk. Eit døme på dette ser ein når ein gjennomgår ulike fagområde i plandokumentet. Nokre har svært grundig og detaljrik omtale, som pkt. 27 Kunstløftet – det profesjonelle kunstfeltet. Det er fortenebefyllt. Andre avsnitt som 5.1.2 Arenautvikling er ikkje like presis, og utelet t.d. å omtale USF eller Oseana, to relativt nye byggjeprojekt, der fylket har vore ei viktig finansieringskjelde. Det same finn ein under 5.4.12 Internasjonalisering. Her er ikkje USF si internasjonale verksemd omtalt i det heile. Fylket bør såleis syte for at planen har gjennomgåande same detaljnivå.

Visjon, føremål og mål for planen

USF sluttar seg til dei kulturpolitiske måla omtalt under pkt 1.4. At *”Hordaland skal vere ein leiande europeisk kulturregion dei neste åra”* er eit viktig og naudsynt mål. Regionane snarare enn nasjonalstaten vil vera i sentrum for merksemda i morgondagens internasjonale kunst- og kulturscene. Også nasjonal kulturpolitikk må ta dette inn over seg, men regionane sjølv må ta eit hovudansvar. Bergen og Hordaland er i mange samanhengar internasjonalt anerkjent og har lang fartstid som internasjonal aktør. Dette er eit fortrinn fylket og byen må vita å nytta til sin fordel. Her må det samarbeidast og budsjettpostane må styrkjast monaleg. Vidare må ressursane fordelast strategisk slik at initiativ med dokumentert gjennomslag og aksept blir prioritert. Vidare bør det vera midlar til nye, kreative initiativ.

USF Verftet er i så måte eit kulturhus med internasjonalt ry. Denne statusen har ein fått både gjennom multifunksjonalitet og ein gjennomgåande høg kvalitet på alle verksemdsområde.

Hordaland, Bergen som kulturelt senter

Planen slår fast under pkt. 1.1. at *”det trengst fleire, tunge kulturelle sentra i landet som byr Osloregionen konkurranse på kvalitet, nyskaping, merksemd og statlege midlar.”* Hordaland er og har i lang tid vore eit markant alternativt kulturelt tyngdepunkt i nasjonen som på

mange område har utfordra hovudstaden. Diverre har ikkje statlege løyvingar til drift og investeringar stått i stil. Hordaland og Bergen må skapa forståing hjå statlege kulturstyresmakter at det òg er i Osloregionens interesse å bli møtt med konkurranse og andre perspektiv.

Byar er kreative "omdreiningspunkt" i regionar og spelar ei viktig rolle ved å tilby ein "kritisk masse" for utveksling av erfaringar og kompetanse. Som næringslivet treng kunst- og kulturaktørar ein "marknad" der tilgang til eit stort nok interessert publikum, sosial struktur, arbeidskraft og kjøparar er naudsynt. Over heile Europa vert det etablert samlokaliseringar og sentra for kultur, både som kultur næringsklynger og reine opplevingsarenaer, basert på kjensgjerninga at bransjemessige fellesskap skaper synergjar og utvikling. I stor skala er Bergen et slikt senter for sin region, og USF er ein markant aktør innanfor nyskaping, formidling og organisasjonsutvikling.

I Bergen finn ein ikkje minst institusjonar innafor kunstretningar som dans, scenekunst, musikk og film som er kjenneteikna av både kvalitet og nyskaping, og med eit sterkt internasjonalt fokus.

Avsnitt 2 – offentleg kulturpolitikk

Planen har ein gjennomgang av den offentlege kulturpolitikken. Det er fortenestefullt. Samstundes kan ein slik gjennomgang bli mangelfull. I omtalen av det rytmiske feltet og planen som kom i 2008, "Samspill – et løft for rytmisk musikk", s.8, kunne plandokumentet like godt ha trekt fram at det rytmiske feltet på langt nær er sidestilt med andre musikkformer. Som det heiter der: "*Med meldingen ønskes regjeringen å legge til rette for at rytmisk musikk likestilles med andre musikkuttrykk hva gjelder anerkjennelse og betydning.*"

Argumentasjonen som m.a. låg til grunn for Arena USF ombygginga og nye Røkeriet, ein konsertsal spesialbygd for forsterka musikk, har si kulturpolitiske grunngeving akkurat i denne stadfestinga. Dette var truleg avgjerande for at ombygginga mottok tilskot på over 30 mill. kr frå Kulturdepartementet, over 16,0 mill. kr frå Hordaland fylke og 30,0 mill. kr frå Bergen kommune.

Avsnitt 2.5 Verkemiddel og støtteordningar

USF er positiv til at planen skisserer "*grunnleggjande omsyn ved tildeling av fylkeskommunalt tilskot over kulturkapittelet.*" Dei som får tildeling skal ha ei tydeleg kulturell grunngeving, ei grunngeving i regionale omsyn og ikkje minst kvalitet, relevans og gjennomføringsevne. Andre relevante omsyn er samarbeid og nettverksbygging, tiltaket sin eigenverdi og oppbygging av kunnskap/overføringsverdi.

Slike kriterier gjev godt grunnlag for at fylket lettare kan gjennomføre den *fordelingsoppgåva* ein har med fylkeskommunalt tilskot. USF meiner at vilkåra *kvalitet, relevans og gjennomføringsevne* må vera sentrale punkt i ei slik vurdering.

USF vil føreslå at vilkåra og femnar ei vurdering om tilskotsmottakaren oppfyller dei kulturpolitiske måla omtalt i pkt. 1.4, "*Hordaland skal vere ein leiande europeisk kulturregion*", med 6 underpunkt.

For å styrke samarbeid og samhald bør Bergen kommune og Hordaland fylke prøve å einast om slike målsettingar. I dag er det slik at USF som andre, må vurdere drifta og eigne prioriteringar opp mot statlege, fylkeskommunale og kommunale føresetnader og mål, og det er ikkje alltid dei samsvarar. USF har merka seg at Kulturdepartementet frå 2014 har gått bort frå fleire instrumentelle vilkår i deira tildelingsbrev. Kulturdepartementet opererer med *ein* klar føresetnad for tilskot, og det er at institusjonen skal akseptere følgebevis for funksjonshemma, og gje den som følgjer gratis adgang. Det er eit vilkår fylket òg har hatt, og som USF meiner må stå ved lag.

Spørsmål om 3 – årige løyvingar.

Tilskotsmottakarar ynskjer å planleggja på sikt. Slik er tildeling for 3 år om gongen ei føremon. Samstundes må ein årleg søkje både kommune og stat. USF meiner at det kan etablerast ei mellomløyving der det vert løyvd tilskot for 3 år, men slik at i dei mellomliggjande åra kan ein søkje om endra tilskot, skulle det melde seg endra behov.

Avsnitt 5.1.2 Arena utvikling

USF stør det planen slår fast: *"Når det gjeld regionale og nasjonale kulturhus er det trong for ein offensiv politikk i Hordaland."* Her vil USF vise til Kultur Vest sitt dokument "Nytt hus for musikkteater og dans," eit dokument kommunen og fylket bør samla seg om. Dette omtalar fleire infrastrukturprosjekt som ikkje er løyst, det vera nytt hus for Hordaland teater, behovet for verkstader og eit nytt hus for musikkteater.

USF meiner at interessentane bør samle seg om Kjødetomta sør for USF for fleire av desse prosjekta. Det hastar med ei avklaring for å unngå at tomte vert regulert for bustader.

For ordens skuld, USF stør at BIT får realisert prosjektet sitt og at behovet for øvingsrom for Carte Blanche vert løyst i Sentralbadet.

I dette kapittelet har USF merka seg at Arena USF ombygginga ikkje er omtalt, eit av dei største økonomiske løfta når det gjeld kulturbygg dei seinare åra, og der kommunen og staten medverka med 30 millionar kvar og fylket over 16 millionar. USF er ikkje eit teiknebrett prosjekt. Mangfald har ein hatt med seg frå byrjinga, og huset har blitt utvikla gjennom ein kontinuerleg dialog med eit mangfald av brukarar for å løyse deira behov. Det ligg tanke og praktisk røynsle bak kvart einaste utviklingssteg.

Arena USF var eit sjumilssteg. Med eitt blei det skapt ein state-of-the-art konsertsal for forsterka musikk og ein festivalarena med tilsvarande kvalitetar. Såleis er ikkje ombygginga berre eit svar på regionale kulturutfordringar, men set standard både nasjonalt og internasjonalt.

5.4.12 Internasjonalisering

Til dette avsnittet vel USF fyrst å omtale oss sjølv og vår rolle med internasjonalt samarbeid.

USF Verftet er som sagt eit kulturhus med internasjonalt ry m.a. grunna multifunksjonalitet og gjennomgåande høg kvalitet på alle verksemdsområde. USF har gjennom åra vore modell og til inspirasjon for etablering av kulturhus- og klynger i Norge og internasjonalt bl.a. i Birmingham og Newcastle. Frå 2015 er USF ein hovudsamarbeidspart med arkitektgruppa Zeppelin i utviklinga av eit stort industriområde i Bucharest, Romania, til

kulturnæringsformål. Prosjektet har namnet Halele Carol og er finansiert av EEA-Grants og EØS midlar frå Norge.

USF sitt langvarige arbeid med internasjonale gjestekunstnarordningar er unikt i landet, og få andre har opparbeida slik kompetanse og nettverk både når det gjeld å ta imot utanlandske kunstnarar til Bergen og finne løysningar for kunstnaropphald i f.eks. Berlin og New York. Her viser vi til KUP-prosjektet "Fagutvikling for internasjonale gjestekunstnerordningar", ein forskingsfaglig rapport utgjeve 2013, som den første i sitt slag.

Tilbake til planutkastet: Det profesjonelle kunstlivet er ei internasjonal "hamn " i seg sjølv, der internasjonalt samarbeid er meir vanleg enn spesielt. Planen nemner fylkets mangeårige samarbeid med visse regioner i Frankrike, Skottland og Orknøyene og at ei vidare utvikling av internasjonalt samarbeid kan utviklast naturleg her.

USF sitt inntrykk er at både unge og etablerte kunstnarar finn Europas storbyer *meir* attraktive, i tillegg til andre byar som autonomt veks frem som sterke kunstsentra. Den kontemporære kunstscenen skjer på aktive og pulserende stader som ein vil reise til for å oppleve nye impulsar og treffa kollegaer. Når ein ynskjer kunstnarisk nyutvikling og profesjonalisering vil USF tilrå å sjå til område og samarbeidsformer der resultat som nettverksbygging og faglig utveksling er meir sannsynlig.

Avsnitt 5.4.14 Kompetanse

Det er positivt og viktig at planen ynskjer å styrke kompetansen på kulturfeltet. På musikkområdet gjer Brak og Vestnorsk jazzsenter mykje alt i dag. Båe organisasjonar held til på USF. Med det som bakteppe vil USF ta til ordet for at USF i større grad kan vera arena for kompetanseutvikling innafor område som arrangement, sceneteknikk og lyd- ljosteknikk ved å arrangera kurs eller tilby hospitering for andre som driv scenar eller er arrangør i fylket. Slik aktivitet driv USF i ein viss grad i dag.

Konkretisering av korleis dette kan gjerast i praksis føreslår USF skjer i utarbeiding av handlingsprogrammet, innsatsområde 27. pkt b. og d.

- *B. Kunstproduksjon; støtte og legge til rette for synergieffektar og kompetanseoverføring mellom etablerte institusjonar og det frie feltet innan kunstlivet.*

- *D. Formidling; styrke kunsttilbodet og arrangørkompetansen i fylket ved kompetanseutveksling og samarbeid mellom større institusjonar og mindre miljø.*

Avsnitt 5.7 Kunstproduksjon og kulturformidling

Dette avsnittet "kunstløft – det profesjonelle kunstløftet", s. 49,50, blir opplevd som detaljert omtale av kunstfeltet, men den er ikkje uttømmende. Av den grunn vil denne fråsegna setje USF inn i dette perspektivet:

USF Verftet er ikkje ein passiv utleigar og eigeomsforvaltar, men ein aktiv tilretteleggjar, fødselshjelpar og medprodusent.

USF Verftet jobbar tett saman med dei mest profesjonelle produsent- og formidlingsinstitusjonane, men med fleksibilitet i driftsfilosofi og organisasjon kan ein matcha dei særlege behova til amatørkulturen. Slik sett er ein med å styrkja det kulturelle demokratiet.

USF Verftet er eit knutepunkt med eit spesielt høve til å ta pulsen kunstlivet. Dermed har ein eit unikt høve til å vera medspelar og fødselshjelpar for nyskaping.

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har i plandokument understreka verdien av og synt ein sterk vilje til å stimulera nyskaping. Både by og fylke erkjenner at dette til ein viss grad er risikokapital. Å stimulera kulturell nyskaping er likevel ikkje som å skyta på blink med hagle...

USF Verftet nyttar sin unike posisjon som katalysator for- og fødselshjelpar til kulturell nyskaping. Ei utvikling av denne rollen vil forsterka USF Verftet som kulturelt fyrtårn og gjera institusjonen til ein endå meir funksjonell og forlokkande partner i internasjonalt kultursamarbeid.

På det organisatoriske kartet plasserer USF seg i heile strekket frå institusjonsnivå (i tradisjonell tyding) til det frie feltet, avhengig av prosjekt og arbeidsmåte. På den eine sida arbeidar USF med utvikling av kulturfeltet på eit overordna plan i samarbeid med aktørar som er omtalt i planen som institusjonar. I andre enden legg USF til rette for at det frie feltet kan utfalde seg, og samarbeider tett med enkeltgrupperingar. Eit godt døme er Visningsrommet som USF årleg får ei øymerka løyving frå fylket. Visningsrommet er eitt av Bergens eldste visningsstader for kunst, med kontinuerlig drift sidan starten i 1987. Lokalt kunstmiljø presenterer eige arbeid på arenaen, det gjer òg internasjonale gjestekunstnarar som har arbeidsopphald i Bergen og/eller i USF eigne gjestekunstnarordningar. Samarbeid mellom lokalt og internasjonalt kunstmiljø er heilt vanlig. Regionalt fins det ikkje frie visningslokale med tilsvarande open profil, profesjonalitet, storleik og publikumstilfang. Her legg USF til rette for formidling av samtidskunst av høg kvalitet til eit allment publikum, og fungerer som ein reell ressurs for kunstmiljøet.

Andre døme er vår rolle som fødselshjelper og støtte for initiativ i det frie feltet; konsertserien Avgarde, ny scene for folkemusikkformidling og hjelp til nyetablerte konsertarrangørar. Dette maktar USF fordi me er ein endringsretta og fleksibel organisasjon som i dialog med fagmiljøa i kunst- og kulturfeltet finn forbetnings- og utviklingsmuligheiter. Som det heiter i dei tilsette sin arbeidsavtale: "daglig fokus på at USF skal vera i fremste rekke som kulturhus og spelestad med profesjonelle forhold, bl.a. akustisk og m.o.t. produksjon og gjennomføring og der eit serviceinnstilt personell er vårt største fortrinn."

I planen bruker fylket to identitetsformer for hovudaktørane i kunst- og kulturfeltet; institusjon og det frie feltet, og USF er ikkje nemnt som verken det eine eller det andre. Vi ser at det kan være utfordrande å plassere USF si verksemd inn i ein av dei to, men det i seg sjølv må ikkje utelukka USF som ein hovudaktør i en plan for utvikling av kulturfeltet i regionen. USF er ein libero som trekkjer vekslar på institusjonell styrke, samstundes som at nærleik til grupperingar og den einskilde utøvar gjev oss unikt innsyn i det frie feltets problemstillingar, behov og dynamikk.

Økonomi

Fylkeskultursjef Anna Elisa Tryti seier i sin kronikk i BT som omhandlar planen. *"Visjonen uttrykkjer ein ambisjon om å vera grensoverskridande og nyskapande, med risikovilje. Planen føreset samordning av ressursar på tvers av sjangrar, verksemdar og tre forvaltningsnivå, i samspel mellom offentleg og privat sektor. Her ligg planens utfordring og akilleshæl: Å skaffe*

fram, prioritere og samordne ressursar, slik at kvalitet og eigenart vert kjenneteikn for Hordaland som offensiv kultur- og idrettsregion.” (vår utheving).

Her ligg kanskje det største ankepunktet, *mangel på økonomi* for å realisere visjon og tiltak.

Dette er spesielt ille då plandokumentet slår fast i pkt. 3.2.; *”Enger-utvalet omtalar kulturområdet som budsjettapar innafor fylkeskommunen for perioden 2002-2010, dette gjeld og for Hordaland fylkeskommune, sjølv om det har vore vekst i kulturbudsjettet i fylkeskommunen frå 2000 til 2013.”*

Andre spørsmål som høyringsbrevet stiller og som uttalen ikkje har svara på.

USF har ikkje nådd å vurdere og såleis gje fråsegn om desse spørsmåla:

- *Prioritering av innsatsområde og tiltak i handlingsprogrammet*
- *Kva innsatsområde og tiltak bør prioriterast dei første fire åra?*

Når det gjeld, *”Korleis vert det regionale kulturoppdraget oppfatta, og kva er forventingane til dette?”*, meiner me svaret vårt kjem fram i kartlegging av verksemdar som mottok driftstilskot.

Avsluttande merknad:

USF opplever at planen ikkje anerkjenner USF som ein sentral aktør på kultur- og kunstfeltet. USF er i dag eit kulturhushus med internasjonal ry og aktivitet. Det kunstnarlege innhaldet er prega av kvalitet på alle verksemdsområde. Meir enn andre arbeider USF med institusjonen sin styrke i samarbeid med det frie feltet av arrangørar og kunstnarar.

Gjennom Arena USF gjorde stat, fylke og kommune felles sak og skapte fysiske rammevilkår for store delar av musikklivet som ikkje har sin make her til lands og som har vekt oppsikt internasjonalt. No er tida inne for å ta eit tilsvarande grep organisatorisk og økonomisk ved å auka det fylkeskommunale tilskotet med kr 600 000, slik USF har søkt om i 3 år.

Beste helsing

Martin Smith-Sivertsen

Styreleiar USF/sign

Jon Tvilde

kulturhussjef